

På veg mot fleire idrettsmerker

29.06.2015



Kari er ei allsidig idrettsjente

Ta idrettsmerket! Det var oppmodinga frå leiar Kjersti R. Bråtun i idrottsmerkekomiteen på tampen av vårsesongen og 5 lot seg frista på Heio ikveld. Det kan hevdast at det ikkje var særleg imponerande, men det var trass i alt eit stykke på veg mot det som er eit rimeleg mål: Å slå fjarårsnoteringa på 15 merketakarar. Kjersti lova to nye samlingar på haustparken. Etterat fleire av veteranane har takka for seg er det Aslaug Lyse som ligg fremst i køen med 49 medan yngste deltarar Kari Bråtun som er 19 er med på tredje året. Idrettsmerket er i stor grad ein familiær affære - Kari er datter av Kjersti og ekteparet Ingrid og Steinar Kroka er blant deltarane. Å få til eit breiare rekrutteringsgrunnlag har vist seg svært problematisk.

Kjersti var samd i at deltagninga slett ikkje var så ille. I første omgang vona ho at dei som tok merket i fjor kjem att ogat dei får selskap av fleire,

Å ta idrettsmerket er ellers ikkje nokon prestasjonsidrett. Når ein spør deltarane kor mange gangar dei har teke merket, kan dei slkett ikkje svara på det. Aslaug svarar slik.

- Det spelar inga rolle. Vi berre kjeme og er her!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Steinar satsar på situps